

Møteinkalling

Utval:	Administrasjonsutvalet
Møtestad:	Fylkesutvalssalen, 3. etasje, Fylkeshuset
Dato:	05.09.2016
Tid:	10:00

Program

KI 1000	Møteopning
KI 1005 – 1020	Referatsaker – orientering om rapport om uønska deltid
KI 1020 – 1030	Orientering om regionreforma
KI 1030 – 1130	Saksbehandling

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på www.hordaland.no/forfall.

Innkallinga gjeld valde medlemer i Administrasjonsutvalet. Ved eventuelt forfall frå faste medlemer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.

Pål Kårbø
utvalsleiar

Sakliste

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off.
PS 19/16	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 20/16	Referatsaker (meldingar)		
PS 21/16	Godkjenning av møteprotokoll 18.05.16	2016/1896	
RS 13/16	Heiltidskultur i Hordaland fylkeskommune	2014/12636	
RS 14/16	Forvaltningsrevisjon HMT og internkotroll - status 31.08.16	2014/10535	
PS 22/16	Revidert reglement for "Reiser i Hordaland fylkeskommune"	2014/12509	
PS 23/16	Tilsettes ytringsfridom i Hordaland fylkeskommune	2014/23249	
PS 24/16	Ymse		

PS 19/16 Godkjenning av møteinnkalling

PS 20/16 Referatsaker (meldingar)



Arkivnr: 2016/1896-3

Saksbehandlar: Birte Markeseth Aasen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Administrasjonsutvalet	21/16	05.09.2016

Godkjenning av møteprotokoll 18.05.16

Forslag til vedtak

Administrasjonsutvalet godkjenner møteprotokoll frå møte 18.05.16

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Utval: **Administrasjonsutvalet**
Møtestad: Fylkesutvalssalen, 3. etasje, Fylkeshuset
Dato: 18.05.2016
Tidspunkt: 10:00 – 12:00

Følgjande faste medlemmer møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Tore Andersen	Medlem	YS-K
Tore Johannessen	Medlem	LO-K
Pål Kårbø	Leiar	FL KRF/SP
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H
Terje Søviknes	Medlem	FRP

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
Anne Gine Hestetun	Nestleiar	A
Kari L. Bjørnsvik	Medlem	UNIO
Irene Ness	Medlem	AKAD

Følgjande varamedlemmer møtte:

Navn	Møtte for	Representerer
Roald Kvamme	Anne Gine Hestetun	A
Kari Bernadini	Sveinung Valle	A
Rune Stadsnes	Kari L. Bjørnsvik	UNIO
Erik Andreas Holt	Irene Ness	AKAD

Merknader

Leiar varsla eit muleg ekstramøte i administrasjonsutvalet i samband med regionreforma. Eigen innkalling vil gå ut i rimeleg tid til administrasjonsutvalet.

Frå administrasjonen møtte:

Navn	Stilling
Ingrid Holm Svendsen	Fylkesdirektør økonomi og organisasjon
Geir Davidsen	HR-direktør
Frode Mannsåker	HR-leiar, HR Kompetanse og utvikling
Birte Markeseth Aasen	Referent

Sakliste

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off.
PS 6/16	Godkjenning av møteinkalling		
PS 7/16	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 8/16	Referatsaker (meldingar)		
RS 5/16	Sjukefråvær HFK 1. kvartal 2016	2014/12154	
RS 6/16	Sjukefråvær HFK 2015 - detaljert	2014/12154	
RS 7/16	Hordaland fylkeskommune sin innsats for å styrke de tilsettes ytringsfridom	2016/4071	
RS 8/16	Medarbeidarundersøking 2016 - resultat og vidare oppfølging	2016/1133	
RS 9/16	Notat om deltid i HFK	2014/12636	
RS 10/16	Bruk av mellombelse tilsettingar i HFK - Rapport 2016	2014/291	
RS 11/16	Handsaming av overtalssaker våren 2016	2016/4580	
RS 12/16	Førebuud på framtida - status mai 2016	2014/12398	
PS 9/16	Godkjenning av møteprotokoll 23.02.16	2016/1896	
PS 10/16	Revidert reglement for "Reiser i Hordaland fylkeskommune"	2014/12509	
PS 11/16	Revidert overordna HMS-plan for HFK 2014-2017	2015/3577	
PS 12/16	Ymse		

PS 6/16 Godkjenning av møteinnkalling

Saksprotokoll i Administrasjonsutvalet - 18.05.2016

PS 10/16 blir trekt frå sakslista.

Vedtak

Administrasjonsutvalet godkjenner møteinnkallinga med følgjande endring:
PS 10/16 blir trekt frå sakslista.

PS 7/16 Godkjenning av møtebok forrige møte

Saksprotokoll i Administrasjonsutvalet - 18.05.2016

PS 7/16 vart behandla under PS 9/16.

PS 8/16 Referastsaker (meldingar)

Saksprotokoll i Administrasjonsutvalet - 18.05.2016

Referatsakene vart refererte.

Vedtak

Administrasjonsutvalet tar referatsakene til orientering.

RS 5/16 Sjukefråvær HFK 1. kvartal 2016

RS 6/16 Sjukefråvær HFK 2015 - detaljert

RS 7/16 Hordaland fylkeskommune sin innsats for å styrke de tilsettes ytringsfridom

RS 8/16 Medarbeidarundersøking 2016 - resultat og vidare oppfølging

RS 9/16 Notat om deltid i HFK

RS 10/16 Bruk av mellombelse tilsettingar i HFK - Rapport 2016

RS 11/16 Handsaming av overtalssaker våren 2016

RS 12/16 Førebudd på framtida - status mai 2016

PS 9/16 Godkjenning av møteprotokoll 23.02.16

Forslag til vedtak

Administrasjonsutvalet godkjenner møtebok frå møte 23.02.16.

Saksprotokoll i Administrasjonsutvalet - 18.05.2016

Det var ingen merknader til møteboka frå møte 23.03.16.

Vedtak

Administrasjonsutvalet godkjenner møtebok frå møte 23.02.16.

PS 10/16 Revidert reglement for "Reiser i Hordaland fylkeskommune"

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet vedtar revidert reglement, Reiser i Hordaland fylkeskommune.

Saksprotokoll i Administrasjonsutvalet - 18.05.2016

Vedtak

PS 10/16 vart trekt frå sakslista.

PS 11/16 Revidert overordna HMS-plan for HFK 2014-2017

Forslag til vedtak

Den reviderte overordna HMS-planen for HFK 2014-2017 vert teken til etterretning. Nemninga HMS (Helse, miljø og sikkerheit) vert innført i staden for HMT (Helse, miljø og tryggleik) i alle aktuelle dokument og system i HFK.

Saksprotokoll i Administrasjonsutvalet - 18.05.2016

Røysting

Fylkesrådmannens forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Den reviderte overordna HMS-planen for HFK 2014-2017 vert teken til etterretning. Nemninga HMS (Helse, miljø og sikkerheit) vert innført i staden for HMT (Helse, miljø og tryggleik) i alle aktuelle dokument og system i HFK.

PS 12/16 Ymse

Saksprotokoll i Administrasjonsutvalet - 18.05.2016

Administrasjonsutvalet ber om å få tilsendt protokollane etter møter i HAMU.

Vedtak

Dei faste medlemmene og varamedlemmene i administrasjonsutvalet får tilsendt protokollane etter møter i HAMU.



Notat

Dato: 26.08.2016
Arkivsak: 2014/12636-7
Saksbehandlar: karoen_

Til:	Administrasjonsutvalet
Fra:	Fylkesrådmannen

Heiltidskultur i Hordaland fylkeskommune

Hordaland fylkeskommune (HFK) har ein intensjon om å utvikle ein heiltidskultur i organisasjonen. Arbeidet med å få dette til har gått over fleire år. Av konkrete tiltak som er sett i verk kan nemnast

- 1) aktivt bruk av lov- og regelverk ved rekruttering
- 2) fokus på arbeid på tvers i eininga/kombistillingar
- 3) kartlegging av uønska deltid
- 4) uønska deltid som fast tema på medarbeidarsamtalen
- 5) prøveordning med intern utlysing av nærmere definerte stillinger

Talet på delstillingar i HFK har gått jamt nedover sidan 2012 og fram til i dag. Pr 1.5.2016 er talet på tilsette i delstilling 1220 mot 1884 i 2012 dvs ein nedgang på 35 % (ein gjer merksam på at i desse tala er medrekna alle typar tilsettingsform; fast, mellombels osv.).

Vi veit at mange som arbeider deltid ynskjer ei slik arbeidstidsordning. Det passar inn i deira personlege val. Ei kartlegging av uønska deltid i HFK utført i 2013 viste at **72 %** av dei som svara på undersøkinga var nøgd med den delstillinga dei hadde. Ei ny kartlegging utført i juni 2016 viser litt same tendensen, men no er det kun **63 %** som er nøgd med å jobbe deltid. Dvs. at den delen tilsette som arbeider uønska deltid har gått opp frå 28 % i 2013 til 37 % i 2016. Men auken er ikkje reell i antall «hoder» sidan deltid har gått vesentleg ned i HFK sidan 2013. Spørjeundersøkinga i 2013 vart sendt til 1255 tilsette i delstilling medan undersøkinga no i 2016 gjekk ut til 1007 tilsette i deltidsstilling. Det er kun fast tilsette som har delteke i undersøkinga.

Utfordringa i forhold til å utvikle ein heiltidskultur i HFK er første og fremst knytt til dei som ønsker seg ein større stillingsprosent. Kartlegginga viser at 75 % av dei som går i uønska deltid ønsker seg heil stilling. Det å ikkje kunne tilby full stilling til dei som går i uønska deltid er ei form for utestenging frå eit fullverdig arbeidstilhøve.

Den største delen av dei som arbeider deltid (77 %) er tilsett i vidaregåande skule. 16 % er tilsett i tannhelsetenesta. Og så mykje som 79 % av dei som arbeider deltid i HFK er kvinner.


At hovuddelen av dei som arbeider deltid er i vidaregåande skule er ikkje overraskande. Vi veit at det er mange delstillingar blant lærarar, blant miljøarbeidarar og innan reinhaldsgruppa.

Utfordringa i høve til ein heiltidskultur er to-delt: 1) å få ned talet på deltid generelt, 2) å få ned talet på uønska deltid spesielt.

Heiltidskultur var eit viktig tema ved tariffrevisjonen i kommunesektoren pr. 1.5.2016. Det er no teke inn i hovudtariffavtalen at kommunar og fylkeskommunar skal utarbeide lokale retningsliner for arbeidet med ein heiltidskultur.

HFK vil sette ned ei arbeidsgruppe som får i oppgåve å utarbeide retningsliner på området. Retningslinene vil bli lagt fram for administrasjonsutvalet når dei ligg føre.

Vedlegg: Rapport frå kartlegginga av uønska deltid i HFK



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

Kartlegging av ufrivillig deltid i Hordaland fylkeskommune

Spørjeundersøking blant tilsette i Hordaland

fylkeskommune AUD-rapport nr. 5 2016






Bakgrunn og metode

- Undersøkinga er utført på oppdrag frå, og i samarbeid med, Organisasjonsavdelinga i Hordaland fylkeskommune.
- Føremålet med undersøkinga er å kartlegge ufrivillig deltid i Hordaland fylkeskommune. Undersøkinga er ei oppfølging av ei liknande undersøking gjennomført i 2013.
- Datainnsamlinga er gjennomført elektronisk.
- Målgruppa for undersøkinga er tilsette i fylkeskommunen som arbeidar deltid. Totalt vart spørjeskjemaet sendt på e-post til 1007 tilsette. 461 har delteke i undersøkinga. Dette gjev ein svarprosent på 46 %. I 2013 vart undersøkinga sendt til 1255 tilsette og svarprosenten var 52 %.




Kven arbeider deltid?






Kven arbeider deltid?






Kven arbeider deltid?





Kven arbeider deltid?






Kven arbeider deltid?

- 43 % av dei som har delteke i undersøkinga, er tilsett i undervisningsstilling. Deretter følgjer miljøarbeidar (12 %) og kontormedarbeidar/saksbehandlar og tannhelsesekretær (begge 9 %).
- Den største delen av dei som arbeider deltid (77%) er tilsett i vidaregåande skole. 16 % er tilsett i tannhelsetenesta.
- 32 % av dei som arbeider deltid er mellom 50 og 59 år, mens 25 % er mellom 40 og 49 år. Det er berre 6 % som er under 30 år.
- Den største delen (79 %) av dei som arbeider deltid i fylkeskommunen er kvinner.
- Det er små endringar i bakgrunnsvariablane når vi samanliknar resultata frå undersøkinga med tilsvarende tal frå 2013.




Stillingsstorleik i dag





Stillingsstorleik i dag






Stillingsstorleik i dag

- Det er i år som i 2013, relativt stor spreiing på stillingsstorleiken til den som arbeider deltid.
- Den største delen, 33 % (34 % i 2013) har ein stillingsstorleik på mellom 80 og 89 %)
- Det er 9 % som jobbar mindre enn 50 % og 11 % som har mellom 90 og 99 % stilling.
- Den største delen, 63 %, av dei som arbeider deltid oppgjev at dei er nøgde med den stillingsprosenten dei har i dag. Dette er ein lågare del enn i 2013, då 72 % var nøgde stillingsprosenten.




Ønska stillingsstorleik





Ønska stillingsstorleik






Ønska stillingsstorleik

- Nesten alle som har svara at dei er misnøgd med den stillingsprosenten dei har i dag (98 %), seier at dei ønskjer ei større stilling. Dette er akkurat det same resultatet som i 2013.
- Det er berre 2 % som svarar at dei ønskjer ein mindre stillingsprosent.
- Det er totalt i undersøkinga 165 personar som ønskjer seg større stilling enn dei har dag. Det er litt under halvparten av dei som arbeider deltid i fylkeskommunen som har delteke i undersøkinga. Dersom vi antar at dei som har delteke er representative for heile gruppa, kan vi anta at omlag 370 tilsette arbeider ufrivillig deltid. I 2013 var talet ca 350.
- Blant dei som ønskjer seg større stillingsprosent er det 75 % som ønskjer 100 % stilling. Tilsvarande resultat for 2013 var 73 %. 10 % oppgjev at dei ønskjer mellom 80 og 89 % stilling.




Moglege tiltak





Moglege tiltak






Moglege tiltak

- 40 % oppgjev at dei er villige til å arbeide ved fleire einingar/avdelingar i fylkeskommunen for å auke opp stillingsprosenten. Dette er ein auke samanlikna med 2013, då delen var 33 %.
- 25 % seier at dei ikkje er villige til å arbeide fleire stader. Dette er ein nedgang samanlikna med 2013, då delen var 34 %.
- I tillegg er det ein stor del 35 % som svarar «ikkje sikker» på dette spørsmålet. Dette er heilt på nivå med 2013, då delen var 34 %.
- Det er langt fleire som seier at dei er villige til utføre anna arbeid (65 %) enn det er som er villige til å arbeide ein annan stad. Dette er også heilt på nivå med 2013, då delen var 66 %.
- Det er ein mindre del av dei som har ei undervisningsstilling som er villige til å utføre anna arbeid (58 %) enn blant dei andre yrkesgruppene (75 %). Slik var det også i 2013.
- Også på dette spørsmålet er det ein relativt høg del som svarar «ikkje sikker» (20 %).



Kor lenge har ein arbeidd uønska deltid





Kor lenge har ein arbeidd uønskt deltid

- Den største delen av dei som arbeider uønska deltid i Hordaland fylkeskommune har jobba deltid i relativt kort tid. Den største gruppa (38 %) har jobba deltid i 2 år eller mindre. Dette er akkurat same del som i 2013.
- Til saman 72 % oppgjev at dei har jobba uønska deltid i 5 år eller mindre.



Notat

Dato: 22.08.2016
Arkivsak: 2014/10535-26
Saksbehandlar: biraase

Til: Kontrollutvalet
Adminstrasjonsutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Forvaltningsrevisjon HMT og internkontroll - status 31.08.16

Deloitte gjennomførte hausten 2014 ein forvaltning av internkontroll og HMT på oppdrag frå kontrollutvalet. Rapporten frå revisjonen er handsama i Fylkestinget 10.03.15, sak 7/2015.

Kontrollutvalet behandla status for tilhøyrande handlingsplan i møte 05.04.16. Kontrollutvalet gjorde i dette møtet slikt vedtak:

«Kontrollutvalet ber om at fylkesrådmannen kjem med ny status på forvaltningsrevisjon innan HMT og internkontroll når det gjeld punkta 5, 6, 8, 9, 10, 17, 22, 23, 25, 28, 35, 36, 38, 39 og 40 i form av skriftleg tilbakemelding innan 1.9.2016.»

Vedlagt ligg oppdatert handlingsplan for tiltaka som skal setjast i verk for å følgje opp tilrådingane i rapporten.

Vedlegg

- 1 Handlingsplan forvaltningsrevisjon HMT og internkontroll - status 31.08.16

Handlingsplan

jf tilrådingar i forvaltningsrevisjon HMS*) og internkontroll, Deloitte 2014.

Status pr. 20.08.2016

*) Nemninga HMT er nyttå i tidlegare dokument. Frå juni 2016 har HFK endra nemninga til HMS – Helse, miljø og sikkerheit.

Planen er ei oppfølging av vedtak i Fylkestinget av 10.03.15, sak 7/2015

Kategori	Nr	Tiltak	Ansvar	Frist	Tilr. nr	Status pr. 20.08.16
Styringssystem	1	Styrande dokument informasjonstryggleik revidert	Informasjons-tryggleiksrådgjevar	01.06.2015	1	OK. Godkjent i fylkesutvalet 19.05.2015 og publisert i Kvalitetsportalen.
	2	Styrande dokument kvalitetsarbeid revidert	Kvalitetskoordinator	01.06.2015	1	OK. Publisert i Kvalitetsportalen.
	3	Styrande dokument HMT revidert	HMT-sjef (frå 010116: HR-dir)	01.06.2015	1, 13	OK. Ny HMS-plan godkjent og publisert hausten 2014. Revidert mai 2016
	4	Fullmaktsreglement revidert	Fylkesrådmannen	30.06.2015		OK. Handsama i administrasjonsutvalet 17.06.2015, publisert i Kvalitetsportalen.
	5a	Etablere rutine for å sikre kontinuerleg oppdatering og årleg revidering av dokumenta i Kvalitetsportalen	Kvalitetskoordinator	31.03.2016	7	Arbeidet er påbegynt. Alle dokumenta i Kvalitetsportalen blir gjennomgått og oppdatert i løpet av 2016.
Målstyring	5b	Oppdragsbrev til fylkesdirektørane	Fylkesdirektør organisasjon	01.03.2015	2	OK
	6	Innføre risikovurderinger på definerte områder som krav i oppdragsbrev 2016	Fylkesrådmannen	31.01.2016	4	Ligg i nokre av oppdragsbreva, men ikkje alle. Sjå tiltak 9 for rapportering.
	7	Følgje opp at vedtekne planar ligg til grunn for utvikling, og at det vert rapportert på framdrift i leiargruppene	Fylkesrådmannen	31.12.2015	3	OK. Kvar avdeling har utarbeidd målstyringsdokument som ligg i budsjettet for 2016. Det blir utarbeidd handlingsplanar i henhold til desse, og desse blir rapportert på.
Rapportering	8	Innføre krav til rapportering frå større einingar (Skyss, Bybanen utbygging, OT/PPT, Tannhelse).	Fylkesrådmannen	31.03.2016	12	Delvis gjennomført. Vert løyst gjennom krav til risikovurdering på definerte områder (tiltak nr 6).
	9	Innføre rapportering på identifiserte risikoområder i toppleiargruppa	Fylkesrådmannen	31.03.2016	5	Ikkje formalisert. Sjå tiltak 6 for krav.
	10	Innføre gjennomgang av statistikk for avviksmeldingar i toppleiargruppa	Fylkesrådmannen	31.03.2016	6	OK.
	11	Innføre krav om at referat frå AMU-møte skal gjerast tilgjengelege i Kvalitetsportalen	Fylkesrådmannen	31.12.2015	14	Referat frå HAMU og AMU for fylkesadministrasjonen er tilgjengelege på intranett. Generelt er det ikkje formulert noko krav

Kategori	Nr	Tiltak	Ansvar	Frist	Tilr. nr	Status pr. 20.08.16
						til referat frå lokale AMU, men dette er kommunisert munnleg frå Bedriftshelsetenesta.
Internkontroll	12	Sette oppfølging av Eigenkontroll 2014 på møteplanen for toppleiargruppa og HAMU kvart kvartal	Fylkesdirektør organisasjon	01.10.2015	11	OK
	13	Følgje opp at fylkesdirektørane har oppfølging av eigenkontrollen som tema i sine leiargrupper	Fylkesrådmannen	30.09.2015	11	OK
	14	Stikkprøvekontroll for å kvalitetssikre resultatet i eigenkontroll 2014	Kvalitetskoordinator	31.12.2015	3, 13	OK
Leiarutvikling	15	Etablere jamlege leiarsamlingar med opplæring i aktuelle tema	Fylkesdirektør organisasjon	01.04.2015	2	OK, overført til løpende aktivitet
	16	Lage plan for leiaropplæring for å sikre at leiarfullmaktene og fylkesrådmannen sitt ansvar er klart for alle	Personaldirektør	31.08.2015	1	Utsett, fullmaktsreglementet er under revisjon.
	17	Gjennomføre e-læring om avvikshandsaming for leirarar	Kvalitetskoordinator	31.03.2016	9	Utsett. E-læringsverktøy kjøpt inn juni 2016.
	18	Ha førebygging av korruption og misleghald som tema på ei leiarsamling	Personaldirektør	31.12.2015	8	OK, gjennomført 2. – 3. november 2015
	19	Dokumentet «Beskytt kommunen» frå Kommunenes sentralforbund skal gjennomgåast i alle leiarguppene i løpet av våren 2015	Fylkesrådmannen	30.06.2015	8	OK, gjennomført hausten 2015
Medarbeidar-opplæring	20	Lansere brukarmanualar for Kvalitetsportalen	Kvalitetskoordinator	31.05.2015	9	OK
	21	Gjennomføre opplæring i kvalitetsarbeid og bruk av kvalitetsportalen for leiara og kvalitetsansvarlege i fylkesadministrasjonen	Kvalitetskoordinator	30.06.2015	9	OK, gjennomført juni 2015.
	22	Lage plan for opplæring i kvalitetsarbeid og kvalitetsportalen for skulane	Kvalitetskoordinator	31.03.2016	9	Samling for yrkesfaglærere avholdt 050416. Fleire samlingar vert planlagt haust 2016.
	23	Lage plan for opplæring i kvalitetsarbeid og kvalitetsportalen for tannklinikkane	Kvalitetskoordinator	31.03.2016	9	Opplæring gjennomført i samlingar 2015/16, fleire samlingar er under planlegging.
	24	Gjennomføre e-læring i etiske retningslinjer for alle tilsette	Fylkesdirektør organisasjon	30.09.2015	8	OK
	25	Gjennomføre e-læring i varslingsrutinar for alle tilsette	Fylkesdirektør organisasjon	31.01.2016	10	Utsett til haust 2016.
Forankring og medvirkning	26	Sikre at einingane utfører tiltaka som vart identifisert etter MU2014	Fylkesrådmannen	31.10.2015	6	OK
	27	Gjennomføre brukarundersøking for IT-	Fylkesdirektør	31.05.2015	6	OK

Kategori	Nr	Tiltak	Ansvar	Frist	Tilr. nr	Status pr. 20.08.16
		seksjonen, med leiarar, medarbeidrarar og systemansvarlege som respondentar	organisasjon			
	28	Utrede eventuelle løysingar for forslagskasser for publikum	Kommunikasjonsdirektør	30.06.2016	6	OK – ivaretatt gjennom nye nettsider.
	29	Følgje opp at avviksmeldingar og ros&ris-meldingar vert handsama på ein god måte	Fylkesdirektør organisasjon	31.12.2015	6	OK. Ny gjennomgang av avvikshandtering Q4 2016.
	30	Gjennomføre brukarundersøking for organisasjonsavdelinga	Fylkesdirektør organisasjon	31.05.2015	6	OK
	31	Gjennomføre brukarundersøking for økonomiavdelinga	Fylkesdirektør økonomi	31.05.2015	6	OK
Etterleving av lovkrav	32	Sikre at det vert gjennomført risikovurdering av alle system med personopplysningar i løpet av 2015	Fylkesrådmannen	31.12.2015	15	OK
	33	Gjennomføre haldningskampanje for å sikre at varslingar og avviksmeldingar vert handsama rett i organisasjonen	Fylkesrådmannen	31.12.2015	10	OK. Omtale i leiarnytt og på intranett. Kurs for hovudtillitsvalde i juni 2015.
	34	Få på plass informasjon om varsling i avviksmodulen i Kvalitetsportalen	Kvalitetskoordinator	31.08.2015	10	OK
	35	Vurdering av størrelse og omfang på verneområda, med skriftleg innstilling frå HAMU	Fylkesdirektør organisasjon	31.03.2016	14	OK. Handsama i HAMU 23.10.15. Vert følgt opp av HR-seksjonen.
	36	Ny rutine for AMU-arbeid i HFK	BHT-sjef (frå 010116: HR-dir)	31.03.2016	14	Under arbeid.
Risikovurdering som verktøy	37	Etablere krav til risikovurdering på definerte områder, og definere retningslinjer for akseptabel risiko	Fylkesrådmannen	31.12.2015	4	Påbegynt. I den nye malen for tertialrapportering økonomi er det tatt inn krav om risikovurdering.
	38	Sikre at uformelle risikovurderingar vert sett i system og nyttar eksisterande malar	Fylkesrådmannen	30.06.2016	4	OK
	39	Opplæring i risikovurdering som verktøy i drifta	Informasjons-tryggleiksrådgjevar	30.06.2016	4	Arbeidet er starta
	40	Følgje opp at det ligg risikovurderingar til grunn for dei tiltaka som vert gjennomført i einingane	Fylkesrådmannen	30.06.2016	5	Påbegynt



Arkivnr: 2014/12509-13

Saksbehandlar: Birte Markeseth Aasen

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Administrasjonsutvalet	22/16	05.09.2016
Fylkesutvalet		21.09.2016

Revidert reglement for "Reiser i Hordaland fylkeskommune"**Samandrag**

Fylkesrådmannen foreslår her ei endring i reglementet «Reiser i Hordaland fylkeskommune». Endringa som er foreslått gjeld refusjon for leige av parkeringsplass i HFK for dei som bruker privat bil i tenesta.

På bakgrunn av at det vart innført differensiert sats for leige at parkeringsplass frå 1. februar 2016 foreslår fylkesrådmannen å endre denne refusjonen. Tidlegare vart det gitt refusjon på kr 100,- pr dag for dei som hadde ei leige på kr 1000,- pr månad og kr 75,- pr dag for dei som hadde ei leige på kr 750,- pr månad.

I det nye forslaget vert same kostnadsprinsipp vidareført med at refusjon blir gitt med inntil 1/10 av månadsleiga pr dag ein må bruke privat bil i tenesta. Likevel slik at ein ikkje kan få refundert meir enn faktiske leigeutgifter på månad.

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet vedtar revidert reglement, Reiser i Hordaland fylkeskommune.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg

1 Reiser i Hordaland fylkeskommune

Fylkesrådmannen, 25.08.2016

Forslaget i revidert reglement inneber at refusjonen for leige av parkeringsplass i HFK er tilpassa dei differensierte leigesatsane som vart innført 1. februar 2016.

Tidlegare fekk ein refundert kr 100,- pr dag for dei som hadde ei utgift på kr 1000,- pr månad (fylkesadministrasjonen) og kr 75,- pr dag for dei som hadde utgift på kr 750,- pr månad (vidaregåande skular i sentrum).

Der det er eit krav at den enkelte arbeidstakar stiller bil til disposisjon for å få utført Fylkeskommunen sine tenester blir det, i tillegg til kompensasjon etter satsane i staten sitt reiseregulativ, gitt kompensasjon i samsvar med kommunen sitt reiseregulativ SGS 1001 § 4 med inntil kr 12 200,- pr år, jf. kap. 7 i reglementet.

Saka var drøfta med dei tillitsvalde i mai 2016.

Reiser i Hordaland fylkeskommune

1 Formål

Reglementet er utarbeidd med formål å skapa felles reglar for tilsette i Hordaland fylkeskommune.

Reiseverksemda skal vere nøktern, miljø- og kostnadsbevisst.

All reiseaktivitet i Hordaland fylkeskommune - inkludert reiseverksemde utanlands - skal vere relatert til definerte mål og politiske vedtak i fylkeskommunen.

SGS 1001 – reiseregulativet i kommunal sektor – gjeld fullt ut i Hordaland fylkeskommune saman med KS si presisering i skriv datert 20. august 2015 "Reiseregulativet – presisering vedrørende kostgodtgjørelse". I dette skrivet går det mellom anna fram at: «KS legger til grunn at ny sammenslått avtale etter 1. januar 2015 i staten ikke innebærer endringer i omfanget av ansattes rett til utgiftsdekning etter SGS 1001. Oppdrag/reiser som ikke tidligere gav kostgodtgjørelse, gir heller ikke det etter gjeldende avtale.»

SGS 1010 - Følge av pasient/klient/bruker/elev gjeld særskilt for dette formålet.

2 Definisjonar

Reiser:

Tenestereise: Pålagte eller godkjente reiser av ikkje fast karakter.

Rutinemessige faste oppdrag: Oppdrag som ikkje treng godkjenning av arbeidsgjevar for kvart oppdrag. Kva som blir rekna som rutinemessige faste oppdrag skal avklarast med lokal arbeidsgjevar.

Start og slutt for reisa: Blir rekna frå den staden, arbeidsstaden eller bustaden der reisa startar eller sluttar.

Arbeidsstad: Der arbeidstakaren arbeidar til dagleg.

3 Generelt

Reglementet gjeld for alle reiser som blir betalt av Hordaland fylkeskommune.

Reglementet gjeld likevel ikkje stipendreiser. Ein kan bruke reglane, eller deler av desse, i tilfelle der verksemda har vesentleg interesse av at reisa vert utført. Det er opp til arbeidsgjevar å vurdere om reisa vert sett på som stipendreise. Dersom det vert utbetalt samanfallande tillegg, ytингar og godtgjersler frå andre enn arbeidsgjever/oppdragsgjever, skal desse samordnast med dei godtgjeringane som arbeidstakaren mottek etter dette reglementet. Hensikta er å unngå dobbeltkompensasjon.

Arbeidstakar skal innhente samtykke frå leiari før reisa finn stad. Ved tenestereiser skal samtykket vere skriftleg og ein skal bruke fråværsskjema i personalportalen for godkjenning av reisa.

Det må alltid vurderast om ein kan avgrense reiseverksemda. Telefon- eller videomøte kan vere eit godt alternativ til reisa.

3.1 Moment ved vurdering av samtykke til reise

Det skal alltid vurderast om ein kan ha telefon-, videokonferanse eller nettmøte i staden for å reise.

Ei reise kan gjennomførast når dette er viktig på grunn av den personlege kontakten, eller at ein skal delta på kurs eller møte organisert av andre der det ikkje er mogleg å delta gjennom videokonferanse eller ved bruk av annan kommunikasjonsteknologi.

Deretter må ein vurdere om ein kan sykle eller reise kollektivt, eller ta tog framfor fly, utan at dette gjer arbeidsdagen ineffektiv, eller at kostnadane vert urimeleg høge.

4 Godtgjersle av utgifter og tid på reise innanlands

Arbeidstakar får **skyss- og kostgodtgjersle** for tenestereiser innanlands i samsvar med SGS 1001, med følgjande to presiseringar:

1. Det vert ikkje gitt kostgodtgjersle på samlingar i regi av Hordaland fylkeskommune der måltida allereie er betalt arbeidsgjevar.
2. Dersom arbeidstakar har sitt daglege virke ved å utføre oppdrag ved ulike fylkeskommunale einingar vert det ikkje gitt kostgodtgjersle, jf KS si presisering datert 20. august 2015. (Det vert likevel gitt kompensasjon for kost dersom reisa medfører at ein må overnatte borte frå bustad).¹

Reisetid er den tida som går med på reisa mellom arbeidsstad/bustad og forretningsstad.

Opphald/ventetid på hotell og liknande vert ikkje rekna som reisetid.

Reisetid i normal arbeidstid vert rekna som arbeidstid. Reisetid utanom normal arbeidstid godtgjort ved at ein etter avtale med leiar kan avspasere med 1/1 tid.

Reisetid mellom kl 2200 og 0600 vert ikkje rekna som arbeidstid når arbeidstakaren har rett til nattillegg eller nyttar soveplass.

Reglane om reisetid gjeld ikkje for arbeidstakarar i leiande stillinger som er unntake føresegne om overtid, jf retningslina Leiarar og tilhøvet til regulert arbeidstid.

For undervisningspersonale vert det vist til protokoll mellom KS og arbeidstakarorganisasjonane datert 1. september 2014, se HTA (2014-2016) hefte side 122 pkt m, som viser til at reglane i HTA for staten §8 pr 30.04.2004 gjeld inntil vidare.

Det er og eigne reglar for reise med elev, pasient, klient, jf. SGS1010.

5 Godtgjersle av utgifter og tid på reise utanlands

Arbeidstakar får **skyss- og kostgodtgjersle** for tenestereiser utanlands i samsvar SGS 1001 (det vert vist til staten si «Særavtale for reiser utenlands for statens regning»).

Reisetid i normal arbeidstid blir rekna som arbeidstid. For reiser som er pålagt blir reisetid utanom normal arbeidstid og på frilaurdag-, sun- og heilagdagar godtgjort ved at ein etter avtale med leiar kan avspasere med 1/2 tid.

Reglane om reisetid gjeld ikkje for arbeidstakarar i leiande stillinger som er unntake føresegne om overtid, jf retningslina Leiarar og tilhøvet til regulert arbeidstid.

Når det gjeld fullmakt for godkjenning av utanlandsreiser går dette fram av Fullmaktsreglementet. Søknad om godkjenning av utanlandsreise skal fremjast i god tid før reisa skal gjennomførast.

6 Bruk av avtalepartnarar

Der det er inngått avtale med hotell, reisebyrå, flyselskap eller anna, skal arbeidstakar bruke desse i samband med reisa.

¹ Det er inngått eigen lokal særavtale for kostgodtgjersle for feltarkeologar i Hordaland fylkeskommune.

Nærare informasjon om dei ulike avtalepartnarane til Hordaland fylkeskommune finn ein på HFK sitt intranett - Innkjøpsporten – Avtaleoversikt.

Tilsette kan ikkje nytte fylkeskommunen sine avtalar til private reiser.

Grunnprinsippet er at den reisande skal kunne bo nøkternt men komfortabelt. Kostnadane ved å bo på hotell skal vurderast i forhold til om det er rimelegare med transport til og frå opphaldsstaden/arbeidsstaden.

Ved arrangement av kurs eller konferansar kan det hentast pristilbod frå hotell som fylkeskommunen ikkje har rammeavtale med, dersom avtalehotella ikkje har kapasitet eller det ikkje er avtalehotell på staden.

Innafor ramma av det som står ovanfor er det eit mål at ein i aukande grad nytta miljøsertifiserte hotell, t.d. Svanemerket, Miljøfyrtaarn eller ISO 14001.

Ein skal reise på billegaste måte. Som unnatak kan det nyttast billettar som gir full fleksibilitet. Ved meir omfattande reiser vert det tilrådd å bruke billettar som gir mindre fleksibilitet, men som gir betydeleg høgare rabattar.

Det skal straks meldast frå til reisebyrået om billettar som er heilt eller delvis ubrukte.

Det er den tilsette sitt ansvar at eventuelle avbestillingar blir gjort i tide, slik at Hordaland fylkeskommune ikkje blir belasta for reiseutgifter/hotellrom som ikkje blir brukt.

Tilsette kan ikkje privat nytte bonus eller andre liknande fordelar som er opparbeidd gjennom reiser i tenesta. Privat bruk vert sett på som brot på arbeidstakars plikter i tenesta.

7 Bruk av eigen bil

Det blir som hovudregel ikkje gitt godtgjersle for bruk av eigen bil i dei tilfella det er arrangert felles transport.

Arbeidstakar skal bruke fylkeskommunal el-bil dersom det er mogleg framfor å kjøre eigen bil i tenesta. Arbeidstakar kan bruke eigen bil når dette er mest tenleg, og reisebehovet ikkje kan dekkjast tilfredsstillande på annan måte. Bruk av eigen bil ved reiser i tenesta skal godkjennast av arbeidsgjevar på førehand. Der det er mogleg bør fleire reise saman i ein bil, dette reduserer ulempene for miljøet og gir ei meir økonomisk reise totalt sett.

Ferjebillettar/bompengar blir dekt etter sats for einskildreiser. Parkeringsbøter og eventuelle andre bøter i samband med bruken av eigen bil blir ikkje dekt.

Dersom det i stillinga er eit krav om at arbeidstakar skal nytte eigen bil i tenesta skal dette takast inn i arbeidsavtalen for arbeidstakar. Der det er eit krav at den enkelte arbeidstakar stiller bil til disposisjon for å få utført Fylkeskommunen sine tenester vil det, i tillegg til kompensasjon etter satsane i staten sitt reiseregulativ, bli gitt kompensasjon i samsvar med kommunen sitt reiseregulativ SGS 1001 § 4 etter følgjande modell:

Tal kilometer pr år eller bruk av bil gjennomsnittleg tal arbeidsdagar pr. veke	Årleg kompensasjon	Kompensasjon i 2015
13 000 km og meir el 5 arbeidsdagar	3/3 av gjeldande sats	= kr 12 200,-
10000 – 12999 km el 4 arbeidsdagar	2/3 av gjeldande sats	= kr 8 200,-
7000 – 9999 km el 3 arbeidsdagar	1/3 av gjeldande sats	= kr 4 100,-

Godtgjersla vil bli gitt i starten av påfølgjande kalenderår. Kompensasjonen kan eventuelt bli utbetalt kvart halvår der dette er føremålstenleg. Arbeidstakar som fyller vilkår for godtgjersle set sjølv fram krav om dette. For at slik godtgjersle skal bli gitt er det eit vilkår at reiserekning er levert seinast månaden etter at reisa er utført.

Dersom arbeidstakar leiger parkeringsplass av Fylkeskommunen kan han få refundert 1/10 av månadsleiga på reiserekninga pr. dag for dei dagane han etter avtale med leiari må nytte bilen i tenesta. Refusjonen kan aldri vere høgare enn faktiske utgifter pr månad.

8 Leigebil/leasingbil/bil eigd av HFK

Bruk av leigebil skal godkjennast på førehand av den tilsette sin leiari. Normalt skal liten eller mellomstor bil – klasse A eller B brukast.

Avgjerd om bruk av «leasingbilar» skal fattast av den enkelte fylkesdirektør, og kostnadene skal dekkjast av den enkelte avdeling. Det skal vere enkel og nøktern standard på «leasingbilen».

Det er eit vilkår at det blir ført kjørebok.

9 Togreiser/bussreiser

For den som reiser mykje med tog i tenesta kan det vere økonomisk lønsamt å kjøpe kundekort. Hordaland fylkeskommune vil i så fall refundere slik kostnad. Bussbillettar blir dekte etter sats for einskildreiser.

10 Syklar

Tilsette vert oppmoda om å bruke sykkel der dette er mogleg. I fylkesadministrasjonen har ein bisyklar som kan låna ut via Service- og informasjonssenteret i 1. etasje. Bruk av sykkel kan ofte vere enklaste og raskaste reisemåte.

11 Reiseforsikring

Hordaland fylkeskommune har teikna reiseforsikring og avbestillingsforsikring for sine tilsette. Vilkåra for forsikringa ligg på fylkeskommunen sitt intranett, Innkjøpsporten – personalforsikring. Ved reiser utanlands får eininga forsikringsbevis ved å kontakte fylkesadministrasjonen, HR Løn.

12 Reiseutgifter – kredittkort

Reiseforsot skal normalt ikkje nyttast. Som hovudregel skal den reisande betale alle reiseutgifter, og få dekt sitt tilgodehavande frå Hordaland fylkeskommune etter levert reiserekning. Utbetaling skjer i samband med lønsutbetaling.

Alle tilsette i Hordaland fylkeskommune har tilbod om tenestekort, EuroCard Corporate Gold med MasterCard. Ved bruk av kortet vert alle transaksjonar (t.d. flytobillettar og drosjerekningar) overførde til det elektroniske reiserekningssystemet slik at ein enkelt kan overføre transaksjonane til dei aktuelle reiserekningane.

13 Reiserekning

Ei reiserekning skal registrerast så snart som mogleg, og seinast månaden etter at reisa er avslutta. Det kan i særskilde høve vere naudsynt å fråvike denne regelen.

Fylkeskommunen brukar reiserekningssystemet ADTravel. Bruk av elektronisk reiserekning sikrar at reiserekninga er korrekt fylt ut og at det er nytta riktige satsar i det enkelte tilfellet.



Arkivnr: 2014/23249-8

Saksbehandlar: Birte Markeseth Aasen

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Administrasjonsutvalet	23/16	05.09.2016
Fylkesutvalet		21.09.2016
Fylkestinget		04.10.2016

Tilsettes ytringsfridom i Hordaland fylkeskommune**Samandrag**

I møteprotokollen etter fylkestinget sitt møte 14. og 15. juni 2016 er under PS 63/16 teke inn følgjande

«Terje Kollbotn (R) sette på vegner av R og V fram slikt forslag (b):

«Kommunal- og moderniseringsminister Jan Tore Sanner har oppmoda kommunestyra og fylkestinga i landet om å starte diskusjonen om korleis dei politiske organa kan medverke til å styrke dei tilsette sin ytringsfridom (jfr. RS 13/2016). I denne samanhengen blir det og vist til Sivilombodsmannen si fråsegn datert 22.12.15.

Hordaland fylkesting er positiv til dette initiativet, og går inn for at dette blir eiga sak på neste fylkestingsmøte i Hordaland, herunder ein revisjon av fylkeskommunen sine etiske retningslinjer.

Eit innspeil som og kan vurderast i denne samanhengen, er etablering av eit uavhengig fylkeskommunalt, evt. nasjonalt varslarombod.»

Forslaget vart behandla på slutten av tingsetet.

Det var 56 representantar til stades.

Fylkestinget vedtok samråystes å realitetsbehandle forslaget og vedtok deretter samråystes forslaget.»

Fylkesrådmannen har gått gjennom dei retningsliner og reglement som gjeld i Hordaland fylkeskommune som kan ha betydning for dei tilsette sin ytringsfridom, herunder «Etiske retningslinjer for folkevalde og tilsette i Hordaland fylkeskommune», «Rutine for varsling i Hordaland fylkeskommune», rutinar for teieplikt m.v., og vurdert desse opp mot Grunnlova §100 og Den europeiske menneskerettsskonvensjon artikkel 10. Etter fylkesrådmannens vurdering er Hordaland fylkeskommune sine retningsliner og reglement i tråd med gjeldande rett.

I tillegg har fylkesrådmannen vurdert behovet for revisjon av fylkeskommunen sine etiske retningslinjer, og foreslår at sittande fylkesting får ei revidert utgåve til behandling våren 2017. Deretter foreslår fylkesrådmannen revisjon av desse kvart fjerde år.

Fylkesrådmannen har vurdert behovet for etablering av eit uavhengig fylkeskommunalt, eventuelt nasjonalt

varslarombod. Dette blir vurdert til å ikke vere naudsynt, då varslingsutvalet i Hordaland fylkeskommune skal fungere som ombodsmenn for eventuelle varslarar.

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget tek fylkesrådmannen sin gjennomgang av tilsette sin ytringsfridom, etiske retningslinjer og varslarordninga til orientering.
2. Fylkestinget ber om at gjeldande etiske retningsliner for folkevalde og tilsette vert gjennomgått av ei arbeidsgruppe oppnemnt av administrasjonsutvalet.
3. Arbeidsgruppa sitt forslag vert lagt fram for fylkestinget til avgjerd.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 25.08.16

Dei etiske retningslinene for Hordaland fylkeskommune har vore revidert i takt med utviklinga i samfunnet, seinast i 2015.

Fylkesrådmannen ser at det er naudsynt med ein ny revisjon i inneverande periode, og det er spesielt to område som bør omtalast meir direkte i retningslinene:

- Det er viktig at den tilsette vert gjort særleg merksam på å skilje rolla som tilsett og rolla som privatperson, og at retningslinene meir direkte omtalar den tilsettes ytringsfridom.
- Temaet «korruption» kan med føremon omtalast meir direkte i retningslinene.

I gjeldande etiske retningsliner er reglane samla rundt tre hovudtema:

- Integritet og mogelege interessekonfliktar
- Personleg åtferd
- Digitale plattformer og sosiale medium

Fylkesrådmannen meiner at dei gjeldande etiske retningsliner er eit godt utgangspunkt for revideringsarbeidet og foreslår at det vert oppnemnt ei arbeidsgruppe til dette arbeidet. Det er naturleg å foreslå at administrasjonsutvalet oppnemner denne gruppa.

Hordaland fylkeskommune har i samsvar med arbeidsmiljølova § 3-6 hatt eigne skriftlege rutinar for varsling av kritikkverdige tilhøve sidan hausten 2007, sist redigert i 2015.

Reglane er tufta på to av paragrafane i arbeidsmiljølova:

§ 2-4: «Arbeidstaker har rett til å varsle om kritikkverdige forhold i virksomheten», og § 2-5 som slår fast at «Gjengjeldelse mot arbeidstaker som varsler i samsvar med §2-4 er forbudt.».

Gjennom rettspraksis har ein fått erfaring med kva som er anerkjent som varsling og kva som er anna tenestemessig oppfølging og handtering. Nokre saker har vore til behandling i fylkeskommunen, og erfaring med mellom anna desse sakene har bidrige til siste revisjon av varslingsrutinene.

Varslingsrutinane legg til rette for naudsynt varsling i organisasjonen, men dei skal og samstundes avgrense uriktig eller ikkje-naudsynt bruk av varslingsinstituttet. Det er difor viktig også å få dette momentet fram i rutinane.

Varslingsrutinane har ei form som gjer dei lettare tilgjengelege for våre tilsette, dei er samla i eit eige avsnitt med omsyn til det varslaren har trong for å vite.

Det fylkeskommunale varslingsutvalet er sett saman av tilsette som ikkje er i direkte leiarpasjonar, men som med bakgrunn i sitt virke og sine personlege formelle kvalifikasjonar er vel eigna til å handtere varslingssaker. Varslingsutvalet har ei normal funksjonstid på 3 år.

Rutina er delt opp i følgjande punkt:

- Det første punktet gjev ei avklaring på kva som er ei varslingssak. Her er ei avgrensing mot andre type saker, men likevel slik at det ikkje er nokon absolutt grenseoppgang.
- Det andre punktet omtaler varslingsvegane i fylkeskommunen, og inneheld det varslaren har trong for å vite med omsyn til framgangsmåtar i samband med å utforme og levere eit varsel.
- Det tredje punktet omtaler sakshandsaminga etter at eit varsel eller anonymt varsel er motteke av fylkeskommunen.
- Det fjerde og femte punktet innsynsrett, tilhøve til personopplysningslova og rettsvern ved varsling.
- Punkt 6 omhandlar Varslingsutvalet og sakshandsaming i utvalet.
- Punkt 7 omhandlar administrasjon, rapportering til kontrollutval og fylkesutval, og evaluering.

Fylkesrådmannen vurderer desse rutinene til å vera tilstrekkelege og godt i samsvar med det som er lagt opp til i lova. Med bakgrunn i dette ser ein ikkje trong for å revidere varslingsrutinene no.

PS 24/16 Ymse